



Sunniva Vatla (18) har 2.000 medlemmer i gruppa som ho leiar. Her står ho med Ulvanåso som fristande bakgrunn. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Torsdag føremiddag var det ein rein invasjon av unge bergensarar ved Fjellandsbøvatnet og invasjonen var av det trivelege slaget. Hvis seks leiarar og tre instruktørar blir rekna med, var det 41 i flokken som på imponerende stutt tid bygde opp ein liten teltlandsby på austsida av vatnet. Dei 32 ungdommane som er deltakarar i fjellsamlinga er mellom 14 og 23 år gamle.

- Eigentleg er aldersgrensene 13 og 26 år, men vi er ikkje så nøye, sa leiar av ungdomsgruppa i Bergen TurlagSunniva Vatle (18) til uskedalen.no.

Gruppa hennar har faktisk 2.000 medlemmer, men Sunniva opplyste at berre ei tiandedel eller 200 av dei er verkeleg aktive i tur-samanheng.

Og turprogrammet er svært tett.

- Vi har 26 turar gjennom året – det blir ein tur annankvar helg, seier Sunniva og legg til at turtalet blir aukane år av den enkle grunn at interessa aukar. To sentrale og populære turar som kjem att år etter år er fjellsamlinga og Base Camp ved sjøen, den siste har enda fleire deltakarar enn den første. Gruppa har også ein tur som er kalla "Vidden by night". Då opplever ungdommane den spesielle bergenske "Vidden" om natta og der har det vore over 130 med!

- Men kvifor Uskedalen og Ulvenåso i år?

- Mange av medlemene likar å klatra og har vore her før utan at dei har delteke i noko organisert turopplegg. Difor var det ingen dissens då Fjellandsbøvatnet vart føreslege som aktuell stad for ein "base camp". Her kan vi lokka med sit vidt spekter av aktivitetar. I tillegg til klatringa er det ein "vanleg" tur til toppen på Geitadalstind, kajakk- og kanopadling, fiske og fleire slags ballspel.

Nå på første dagen er det padlinga som står på programmet og så startar vi med klatringa i morgon.

Fjellsamlinga under Ulvanåso varar til og med søndag, og det er grunn til å tru at deltakarane kjem attende til Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



Opp med teltet! Fjellsamlinga starta torsdag førmiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)